

Kommunikasjonsplan

Nordhordland ein kommune – 2020?



Foto: NUI / Eivind Senneset

Nordhordland Utviklingselskap IKS

1. Bakgrunn og innleiing

Kommunereforma har som mål å leggja til rette for at fleire kommunar slår seg saman til større og meir robuste kommunar. Færre og større kommunar skal gi betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagte oppgåver, gje betre moglegheiter til å utvikle bærekraftige og gode lokalsamfunn, samt ivareta viktige frivillige oppgåver. Generalistkommuneprinsippet er eit utgangspunkt for reform, og kommunestrukturen skal leggja til rette for ein einskapleg og oversiktlig forvaltning.

Regjering og Storting har difor gitt kommunane i oppdrag å sjå på kommunestrukturen ved å ta ein prat med nabokommunen(ane). I Nordhordland ønskjer 8 kommunar å sjå på mogelegheita for å gå saman i ein kommune. Det er Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Modalen, Radøy og Solund, Meland var med i starten.

Desse kommunane har danna eit forhandlingsutval som skal sjå på om det er mogeleg å få til ein kommune i Nordhordland. Forhandlingsutvalet består av tre politikarar frå kvar kommune valt av kommunestyret og i tillegg deltek rådmennene. Leiar i forhandlingsutvalet er ordførar Jon Askeland.

Forhandlingsutvalet skal utarbeide eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggest til grunn. Det skal vera ferdig i januar/februar 2016.

Forhandlingsutvalet har oppretta eit arbeidsutval som består av Jon Askeland – ordførar Radøy, Karstein Totland – ordførar i Masfjorden og Bent Gunnar Næss – prosjektleiar.

For at me skal lukkast med dette prosjektet er det viktig at ein har ein open prosess og at ein får engasjert innbygarane, frivillige lag, næringslivet, ungdom, tilsette.

I eit så stort prosjekt er det viktig å få lagt nokre prinsipp som ein kan vere einige om, og det må også vere avklart kven som har ansvaret for kva.

2. Strategi

Me ønskjer å legge fire prinsipp til grunn:

Openheit

Arbeidet med kommunereformprosessen i Nordhordland skal vere open og den skal legge til rette for ein god og opplyst samfunnsdebatt. Ein skal ha god dialog med media og sikre dei og innbygarane innsyn.

Medverknad

Det skal leggast til rette for innbyggarmedverknad og innverknad. Informasjon skal aktiv delast og det skal leggast til rette for fysiske møteplassar og elektroniske kanalar der innbyggerane kan fremja sine synspunkt.

Inkludering

Me skal jobba for å nå alle berørte partar med relevant informasjon. Me skal tilpassa informasjonen og kommunikasjonen til dei aktuelle målgruppene.

Aktiv

Me skal vera aktive med å leggja ut korrekt og aktuell informasjon så raskt som mogeleg.

3. Mål

Forhandlingsutvalet skal utarbeida eit forhandlingsdokument som er ein intensjonsavtale. Den skal seia noko om korleis ein ønskjer at den nye kommunen skal vera og kva prinsipp som skal leggast til grunn.

Forhandlingsutvalet ønskjer at dette forhandlingsdokumentet skal gje kommunane eit best mogeleg avgjerdsgrunnlag. Det kan me oppnå ved at:

- Forståing for arbeidet og engasjement for saka
- Legge til rette for at korrekt og oppdatert informasjon er tilgjengeleg
- Bidra til å formidle ein balansert heilskap
- Gjere det tydeleg på kva måte innbyggerane har høve til å påverke den endelege avgjerda

4. Organisering og ansvar

I eit slikt prosjekt er det viktig at det vert tydeleg kven som har ansvar for kva.

Kvar einskild kommune har ansvar for å halda sine innbyggerar og tilsette orientert om prosjektet. Kvar kommune peikar ut ein person som har ansvaret for å leggja til rette for og syte for at kommunikasjonsplan og dei daglege kommunikasjonsoppgåvene vert følgt opp i kvar einskild kommune.

Prosjektleiara og arbeidsgruppa har ansvaret for å gjera arbeidet i forhandlingsutvalet kjent. Arbeidsgruppa har også ansvaret for å informera grupper på regionalt nivå.

Forhandlingsutvalet har gitt eit oppdrag om å gjennomføra ei felles spørjeundersøking til innbygarane i alle kommunane. Gulen har allereie gjennomført ei slik undersøking.

Prosjektlear kan yte bistand til kvar einskild kommune.

5. Målgruppe, tiltak og ansvar

I tabellen er der sett opp ulike målgrupper og korleis dei kan nåast med ulike tiltak, korleis det kan gjerast og kven som har ansvar for kva. Det er skilt mellom kva som er naturleg å gjennomføra på regionalt nivå og kva som bør gjennomførast i kvar einskild kommune. Dette er ein tiltaksplan som må oppdaterast fortløpande.

Tiltak og målgruppe	Ansvar	Kanal/verkemiddel/ tidspunkt
Innkalling til forhandlingsutvalet skal sendast til alle medlemmene, kommunane sine postmottak og lokalavisene	Prosjektlear	E-post - fortløpande
Referat frå forhandlingsutvalet skal sendast til alle medlemmene, kommunane sine postmottak og lokalavisene	Prosjektlear	E-post - fortløpande
Innkalling, sakspapir og møteprotokoll vert fortløpande lagt ut på heimesida til Nordhordland Utviklingsselskap IKS / Region Nordhordland	Prosjektlear	Heimesida http://www.nordhordland.net/
Det skal gjennomførast innbygarundersøking i alle kommunane om kommunereforma. Kvar einskild kommune gjer vedtak om evt eiga tilpassing Prosjektlear – samordnar undersøkinga med å henta inn tilbod	Forhandlingsutvalet Kommunane Arbeidsgruppa Prosjektlear	Telefon (engasjere eit byrå) Ei undersøking så raskt som mogeleg, med ei oppfølging i slutten av 2015.
Næringslivet i regionen	Arbeidsgruppa/ prosjektlear	Fokusgrupper/-møte Frukostmøte
Tillitsvalde – fagorganisasjonane – regionalt nivå	Arbeidsgruppa/ prosjektlear	Invitere til informasjonsmøte
Kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje - samla for regionen	Arbeidsgruppa/ prosjektlear	Fokusgrupper/møte

Eldreråda i regionen	Arbeidsgruppa/ prosjektleder	Fokusgrupper/møte
Ungdommane i regionen	Arbeidsgruppa/ prosjektleder	Invitere til eit felles møte i Nordhordland. Bruke dei to vidaregåande skulane
Tiltaksplan i kvar einskild kommune – den må kvar einskild kommune ta ansvar for. <i>(Noko av det som står her er forslag og det kan vere andre tiltak/målgrupper i den einskilde kommune)</i>		
Kommunestyra	Ordførar i kvar einskild kommune	Halde kommunestyret fortløpande orientert om kva som skjer.
Folkemøte i kvar einskild kommune – brei invitasjon	Ordførar i kvar einskild kommune	Møte - fortløpande
Kyrkjeleg fellesråd/kyrkjeverje -	Ordførar i kvar einskild kommune	Fokusgrupper/møte
Tillitsvalde – fagorganisasjonane – kommunalt nivå	Rådmann i kvar einskild kommune	Invitere til informasjonsmøte
Eldreråd	Ordførar i kvar einskild kommune	Fokusgrupper/møte
Ungdom – Ungdoms råd	Ordførar i kvar einskild kommune	Fokusgrupper/møte
Frivillige lag og organisasjonar	Ordførar i kvar einskild kommune	Fokusgrupper/møte
Næringslivet i kommunen	Ordførar i kvar einskild kommune	Fokusgrupper/møte